

Vertskommunesamarbeid mellom Ål kommune og Hol kommune om opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Denne avtalen regulerer vertskommunesamarbeid mellom Hol kommune og Ål kommune. Ål kommune er vertskommune for samarbeidet. Samarbeidet følger reglene for administrativt vertskommunesamarbeid i kommunelova kapittel 20.

Føremål:

Sikre eit heilskapleg opplæringstilbod i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak i begge kommunar. Formålet med opplæringa er at elevane i målgruppa lærer tilstrekkeleg norsk til å fungere i yrkes- og samfunnslivet.

Målgruppe:

Avtala omfattar vaksne innvandrarak mellom 18 og 67 år som har rett og/eller plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap i tråd med gjeldande regelverk, på avtaletidspunktet integreringslova § 26-28 frå Hol kommune og Ål kommune. Personar i målgruppa (heretter «elevar») får tilbod om opplæring i norsk og samfunnskunnskap i Ål kommune ved Ål introjenter.

Ansvarsfordeling:

Ål kommune ved Ål introjenter har ansvar for organisering og gjennomføring av undervisning i norsk og samfunnskunnskap, og gjennomføring av naudsynte prøvar i norsk og samfunnskunnskap. Ål kommune får dermed overført følgjande oppgåver og myndigheit frå Hol kommune for å kunne ivareta dette ansvaret:

- å behandle søknadar/krav om norskopplæring (alle elevar må levere søknad) og å fatte vedtak om opplæring i norsk (og samfunnskunnskap for dei det gjeld) for elevar frå Hol kommune.
- å fatte vedtak om opplæring i norsk (og samfunnskunnskap for dei det gjeld) for elevar frå Hol kommune og å registrere desse i NIR (Nasjonalt Introduksjonsregister)
- å opprette grupper i norsk og samfunnskunnskap med undervisningstilbod 3-4 dagar pr. veke med utgangspunkt i elevgrunnlaget frå begge kommunar og budsjetterte tilskotsmidlar
- å tilsette personale med relevant fagleg og pedagogisk kompetanse etter elevgrunnlag og budsjetterte tilskotsmidlar
- å utarbeide norskplan for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for elevar omfatta av integreringslova
- å rapportere gjennomførte undervisningstimar pr. veke, samt andre naudsynte opplysningar i NIR
- å gjere frammøtelister med oversikt over fråvær tilgjengeleg for integreringstenesta i Hol etter kvar undervisningsveke
- å kalle inn til elevsamtalar mellom lærar og elevar frå Hol 1-2 gonger pr år. Flyktningskonsulent i Hol kommune skal få tilbod om å delta på elevsamtalene med elevar frå Hol kommune
- å gjennomføre avsluttande prøver i norsk og samfunnskunnskap
- å innvilge eller avslå fritak frå plikta til å delta i opplæring/ta prøve etter søknad frå eleven om dette

Hol kommune har ansvar for å informere Ål kommune om vedtak om busetting av flyktningar og eventuelle endringar i vedtaket.

Hol kommune (v/integreringstenesta) har ansvar for at busette flyktningar i målgruppa får informasjon om tilbodet om opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og at det sendast søknad til Ål introjenter for alle nye flyktningar som blir busett i kommunen og som er i målgruppa.

Hol kommune (v/integreringstenesta) har også ansvar for å gje informasjon om tilbodet til familiegjenforeinte med busette flyktningar.

Elevar utan rett og plikt til opplæring må sjølve ta kontakt med Ål introjenter og søke om opplæring. Ål introjenter handsamar desse søknadane.

Innsyn og underretning

Hol kommune kan be om bli underretta om vedtak fatta av Ål introjenter for elevar frå Hol kommune. Dersom Hol kommune ynskjer underretning eller innsyn i saker som gjeld elevar frå Hol kommune har dei krav på dette.

Opplæringstilbod:

- Norskurs etter behov, frå alfabetiserings- og nybegynnarkurs til kurs på høgare nivå.
- Opplæring vert gjeve i tråd med læreplanar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Arbeidsretting av norskundervisning
- Oppfølging i praksis: lærarar ved Ål introjenter har avsett tid til å følgje opp den språklege utviklinga til elevar som har praksis som ein del av introduksjonsprogrammet. Integreringstenesta i Hol kommune har ansvar for å finne praksisplassar til elevar frå Hol kommune og følgje opp det praktiske rundt praksisplassen.

Oppstart:

Ål introjenter har løpande opptak. Etter mottak av søknad blir eleven kalla inn til ein kartleggingssamtale for å finne rett klasse/nivå, og avtale oppstartsdato for undervisningstilbodet.

Tilbod om opplæring skal gis så snart som mogleg og seinast innan tre månader etter folkeregistrering i Hol kommune eller etter at krav om opplæring blir sett fram, jf. § 30 i integreringslova.

Varigheit og omfang:

Varigheit og omfang av opplæring i norsk er regulert i integreringslova § 32.

For deltakarar som har rett og plikt til opplæring i norsk gjeld retten ogplikten til deltakaren har nådd eit minimumsnivå i norsk etter integreringslova § 31. Dersom deltakar når minimumsnivået sitt før den ytre tidsramma er nådd, skal opplæringa avsluttast.

I tillegg gjeld ein absolutt frist (ytre tidsramme). Kommunens plikt til å gi deltakar opplæring fell bort når fristen for opplæringa er utgått. Frå same tidspunkt fell deltakars rett til opplæring bort. Dette inneber at Ål kommun kan ta betalt for ytterlegare opplæring.

Ål kommunes plikt til å gi tilbod om opplæring i norsk- og samfunnskunnskap gjeld under føresetnad av at den einskilde elev deltek aktivt i opplæringa. Ål kommune kan elles stanse norskopplæringa.

Transport:

Hol kommune har ansvar for skuleskyss til og frå opplæringa på Ål for eigne deltakarar i introduksjonsprogrammet, og kostnadsdekning av denne.

Andre elevar har sjølve ansvar for transport til/frå undervisning.

Økonomi:

Grunntilskot:

Hol kommune mottok årleg eit statleg øyremerka grunntilskot basert på tal på vaksne innvandrarar i målgruppa som er folkeregistrert i kommunen. Tilskotet blir vanlegvis utbetalt i februar. Grunntilskotet skal betre dei økonomiske rammevilkåra for opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Persontilskot:

Hol kommune mottok også persontilskot for kvar vaksen innvandrar med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap som er folkeregistrert i kommunen. Persontilskotet skal bidra til at kommunane gjennomfører opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, slik at dei lærer tilstrekkeleg norsk til å kunne fungere i yrkes- og samfunnslivet. Tilskotet skal dessutan gå til gjennomføring av prøver i norsk og samfunnskunnskap.

På avtaletidspunktet gjeld følgande rammer for tilskotet:

- Ein person kan utløyse persontilskot i maksimalt tre år etter faste satsar.
- Året personen startar opplæringa reknast som år 1.
- Dersom ein person flyttar mellom kommunar, blir tilskotet delt mellom til- og fråflyttingskommunen, basert på butida i den enkelte kommunen. Sjå rundskriv for detaljar.
- Dersom ein person deltar i vidaregåande opplæring på fulltid, blir tilskotet for perioden utbetalt til fylkeskommunen.

Hol kommune har plikt til å overføre dei tilskota som til ein kvar tid vert gjeve frå offentlege myndigheiter til kommunens arbeid med norsk- og samfunnsfagopplæring for målgruppa til Ål kommune. På tidspunktet for inngåing av denne avtalen vil dette gjelde overføring av grunntilskot og norsktilskot i si heilskap til Ål kommune. Dette tilskotet skal overførast 2 gonger pr. år (juni og desember). Hol kommune må ta ut rapport frå IMDis tilskotsportal og legge ved som dokumentasjon.

Kommunen kan tilby opplæring i norsk og samfunnskunnskap til andre enn dei som har rett og plikt eller berre plikt, som til dømes arbeidsinnvandrarar. Kommunane får ikkje norsktilskot for desse elevane og kan krevje eigenbetaling for opplæringa, jf. § 30 fjerde ledd i integreringslova. Ål kommune sender faktura direkte til betalingslevar.

Det er ein føresetnad for avtalen og undervisningstilbodet at tilskota til Ål introjenter dekker alle kostnader til opplæring og samfunnskunnskap, som løn til lærarar og administrasjon, lærebøker, materiell og driftskostnader. Omfanget av opplæringa avheng av tilskot. Ål introjenter tilpassar aktiviteten til dei statlege tilskota og endringar i elevgrunnlag.

Ved vesentlege endringar i elevtal/undervisningstilbod skal Ål kommune drøfte situasjonen med Hol kommune.

Sjå oversikt over IMDis satsar for 2025 i vedlegg.

Mislegghald

Dersom Hol kommune ikkje overfører tilskotet, skal Ål kommune sende ein purring på betalinga. Viss kravet framleis ikkje vert betalt innan 30 dagar etter purringa vart sendt kan Ål kommune heve avtalen.

Dersom Hol kommune ikkje er nøgd med måten Ål kommune yter opplæringstenesta på skal dei informere Ål kommune om misnøya. Partane skal forsøke å finne ei løysing. Ved vesentleg brot på undervisningsplikta frå Ål kommune si side kan Hol kommune heve kontrakten.

Ved mindre brot på avtalen kan partane halde heile/deler av si yting attende.

Ved mislegghald som leiar til heving av kontrakten skal den mislegghaldande part bere kostnadane den andre parten får ved opphøyr av kontrakten. Dette gjeld ikkje i den grad parten ikkje gjer rimelege tiltak for å avgrense eget tap.

Rapportering og evaluering:

Samarbeidsmøte med drøfting/evaluering av avtalen skal skje i februar kvart år. Frå Hol kommune deltek kommunalsjef for oppvekst og kommunalsjef for helse (eller ein annan som rådmann gir i oppgåve å delta). Frå Ål kommune deltek kommunalsjef for oppvekst og leiar for Ål introjenter (eller ein annan som rådmann gir i oppgåve å delta). Ål kommune kallar inn til møtet. Innkallinga skal skje med minst 7 dagars varsel.

Dersom partane ynskjer å revidere forhold som nemnt i kommunelova § 20-4 må endring vedtakast i kommunestyret i Hol og Ål kommune. Eventuelle andre endringar i avtalen kan avgjerast av administrasjonen i Hol kommune og Ål kommune.

Varigheit:

Denne oppgåva og denne myndigheita vert overført til Ål kommune ved avtale frå 2009. Overføringa av oppgåver og myndigheit slik dei er omtalt i denne avtala vil gjelde frå avtala er vedteke i begge kommunar og Hol kommune har fatta vedtak om delegering av myndigheit slik den er omtalt i denne avtala.

Avtala gjeld fram til oppseiing.

Oppseiing av avtalen for kommande skuleår må gjerast seinast 31.7 kalenderåret før. Til dømes vil ein oppseiing av skuleåret som startar 01.08.2025 måtte seiast opp seinast 31.07.2024.

Ål, dato

VEDLEGG 1

SATSAR FOR NORSKITILSKOT 2025

Persontilskot:

TILSKOT	SATS FOR PERSONAR FRÅ VEST-EUROPA, NORD-AMERIKA, AUSTRALIA OG NEW ZEALAND	SATS FOR PERSONAR FRÅ AFRIKA, ASIA, AUST-EUROPA, SØR-AMERIKA OG MELLOM-AMERIKA, OSEANIA (BORTSETT FRÅ AUSTRALIA OG NEW ZEALAND)
Persontilskot år 1 for 2024	17 500 kroner	41 200 kroner
Persontilskot år 2 for 2023	31 800 kroner	82 000 kroner
Persontilskot år 3 for 2022	19 800 kroner	56 500 kroner

Grunntilskot:

TAL PÅ PERSONAR I BEREKNINGSGRUNNLAGET	SATS I KRONER
1-3	242 100
4-150	721 700

Det gjeld egne retningslinjer og satsar for fordrevne frå Ukraina:

SATSAR FOR PERSONTILSKOT § 37 D OG UTVIDA NORSKOPPLÆRING § 43 G FOR 2025

Tilskotstype	Sats
Persontilskot § 37 d	50 300 kroner
Utvida norskopplæring	29 700 kroner